

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR ÅRSMØTE HALDE

28. Mars 2017 i Galteråsen 4 (på møterommet hjå H. Sandvik)

Desse møtte:

<i>Medlemsbedrift</i>	<i>Namn (rolle)</i>
Lindås VVS, Nils Træland:	Nils Arne Træland (styreleiar)
Risnes Elektro:	Konrad Risnes (nestleiar i styret)
Kafedrift AS:	Jimmy Pasali (styrerepresentant)
Lindås kommune:	Mette Marei Træland (styrerepresentant)
Nordhordland elektro:	Geir Kleppe (leiar i valnemnda)

Frå administrasjonen møtte: Lillian Vabø Mongstad (dagleg leiar) og
Anne Grete Fenne Syslak (kontormedarbeidar)

Informasjon om årsmøte vart lagt på nettsida i januar 2017. Det var sendt innkalling med sakliste, årsmelding, revidert rekneskap for 2016, framlegg til Rammebudsjett for 2017 og medlemsliste på e-post til alle medlemsbedriftene.

Fungerande styreleiar Nils Arne Træland opna årsmøte, kl. 18.05.

Årsmøtesaker:

1. *Godkjenning av innkalling.* Godkjent utan merknadar
2. *Godkjenning av sakliste.* Godkjent utan merknadar
3. *Val av møteleiar.* Nils Arne Træland vart valt til møteleiar.
4. *Val av skrivar og 2 personar til å skriva under møteprotokollen.*
Lillian Vabø Mongstad vart valt til skrivar, og Jimmy Pasali og Mette Marei Træland vart valt til å skriva under årsmøteprotokollen.
5. *Styret si årsmelding.*
Nils Arne Træland orienterte om årsmeldinga, som vart godkjent av årsmøte utan innvendingar.
6. *Utbetaling av overskott/ opplæringstilskott.*
Styret tilrår (jfr. årsmeldinga) å setja av kr. 7.000.000,- til utbetaling til bedriftene. Årsmøte vedtok framlegget frå styret.
7. *Rekneskap 2016.*
Dagleg leiar la fram revidert rekneskap, som vart godkjent utan merknadar.
8. *Rammebudsjett 2017.*
Det nøkterne rammebudsjettet vart godkjent utan merknadar
9. *Val av styremedlemmar – leiar og valnemnd.*
Leiar i valnemnda, Geir Kleppe, presenterte framlegget frå valnemnda.

Under følger resultatet av valet:

Styreleiar 2017: Nils Arne Træland, Lindås VVS (vald for 1 år)

Personleg varamedlem: Terje Seim, Seim Bygg (ikkje på val)

Styremedlem: Konrad Risnes, Risnes Elektro (valt for 2 år)

Personleg varamedlem: Eirik Eknes, Eknes karosseri (valt for 2 år)

Styremedlem: Mette Marei Træland, Lindås kommune (ikkje på val)

Personleg varamedlem: Kathrine Straumøy Brakstad, Meland kommune (ikkje på val)

Styremedlem: Rektor på Knarvik vgs Kari Espeland Bruvik (valt for 2 år)

Personleg vara: rektor Austrheim vgs, Kjersti Daland Næss (valt for to år)

Styremedlem: Leiar i LO Nordhordland (LON), (vert valt på LON sitt årsmøte)

Personleg vara: Nestleiar i LO Nordhordland,, (vert valt på LON sitt årsmøte)

Styremedlem: Jimmy Pasali, NHIL (ikkje på val)

Personleg vara: Ove Kåre Kjeilen, (ikkje på val)

10. Val av valnemnd 2017;

Geir Kleppe frå Nordhordland Elektro (leiar)

Wenche Myrmel frå Austrheim kommune og

Vidar Aasgård frå Mundal Subsea.

Val av Revisor:

Revisjonsselskapet Olstad & Co AS

Styreleiar Nils Arne Træland takka for frammøte, og avslutta årsmøte.

Ref. Lillian Vabø Mongstad

Knarvik 30.03.2017



Jimmy Pasali



Mette Marei Træland